

Sunnfjord vassområde

MØTE I PROSJEKTGRUPPA TIL SUNNFJORD VASSOMRÅDE - REFERAT

Onsdag 13. desember 2017 kl 9:30 – 13:00

Førde, Storehagen 1B

Deltakarar:

Johannes Folkestad, Askvoll og Fjaler
Arne Stig Sortevik, Naustdal
Kaja Standal Moen, Flora
Stig Olav Kleiven, Gaular
Staffan Hjohlman, prosjektleiar Sunnfjord vassområde

Forfall:

Førde kommune
Jølster kommune

TILTAK FOR Å NÅ MILJØMÅLA FOR VASSFØREKOMSTANE – OPPFØLGING AV SEMINARET PÅ SKEI 28-29. MARS OG TEMADAGANE I FØRDE 3-4. OKTOBER.

Konklusjonar frå gruppeoppgåver. (Oppsummering finn ein på www.vannportalen.no/sognogfjordane). Nedanfor er ei komprimert oppsummering av gruppearbeidet 3-4 okt. Understreka svar kom frå 2 av dei 3 gruppen, understreka og utheva svar frå alle 3 gruppene.

- Landbruk utfordr: strukturnormalisering, jordpakking, lagerkapas, gjødselplan, rundballar, drenering, spreiefrist, punktutslepp, kontrollkapasitet til komm
 - Dårleg kunnskap: 2m gjødsel fri sone, Punktkjelder, Plantevernmiddel
 - Fungerer bra: Samhandling m komm, Handling ved akutte utslepp, NLR, Innov Norge, Interkomm samarbeid
 - Tiltak kommunen: RMP-innspel, informere om tiltak/SMIL, arealbytte
 - Tiltak vassområde: RMP-innspel, info til politikarar, SMIL, kontroll felles stilling, satellittlager, Info, NLR, kunnskap / verktu
-
- Avløp utfordr: Oversikt sekundærrens, ressurser, kompetanse, Spreidde avløp i VA-plan, Aksept, Mikroplast og miljøgift, samarbeid, forankring, database, forskrift
 - Fungerer bra: Driftskontroll, Felles VA-norm, Internsamarb plan-drift-info
 - Dårleg kunnskap: Spreidde avløp, (komm leidningsnett)
 - Oppgåver kommunar: Samarbeid om kartlegging av avløp, Tiltaksplan, Gebyrfinans stillingar

Innspel frå prosjektgruppa:

Lage temaark (sende ut, kommunen sin heimeside, vise på møte) med oversikt over utfordringar, tiltak / støtteordningar? Bilder, oversiktleg. Fokus på kva det kan bli krav om.

Info om vassforvaltningsarbeidet: overvaking, krav/ miljømål

Jamfør vegvesenet sin info om lagring rundball ved veg.

Orienterer i møte med faglaga, grønt forum (Naustdal), men helst i møte i bondelaga, der enkeltbønder deltar. Viktig å gjere arbeidet vårt kjent.



Sunnfjord vassområde

Tilsynsarbeid i Gaular kommune:

Spørjeskjema om spreidde avløp i 2013 – 2014 til alle husstandar i nedbørsfeltet til Kvameslva (vedlagt). Oppunder 100 % svarte. Eit fåtal oppfylte dagens krav. Dei verste tilfella vart plukka ut til tilsyn. Kommunen har ikkje kapasitet til å følgje opp med tilsyn, men følgjer opp mangelrapportane som kjem frå slamtømmar (Norva / Septik 24/Sunnfjord miljøverk). Årleg 120 – 130 manglar av ca 1150 anlegg totalt, ofte at dykk mangler eller øydelagt kumløkk. Brev til eigedomane med pålegg om utbetring innan ein gitt frist. Krav om dokumentasjon frå rørleggar på utført tiltak.

Naustdal kommune følgjer opp mangelrapportane frå slamtømming med pålegg om utbetring innan ein gitt frist. Ikkje kapasitet til å ta tilsyn.

Mulegheiter for samarbeid mellom kommunar om tilsyn. Førde, Naustdal, Gaular, Jølster etter samanslåing. Kan vere muleg for samarbeid mellom Flora (Kinn), Askvoll, evt Fjaler om kartlegging / opprydding av spreidde avløp? Kaja høyrer med einingsleiar for plan og samfunn i Flora kommune om det er interessant. Brev som Flora kommune sendte innbyggjarar for kartlegging av spreidde avløp er mottatt etter møtet og ligg vedlagt her.

Forslag om å gå saman om å lage database med opplysningar om avløp

Tiltak landbruk: bør få inn igjen krav om miljøplan i kontroll av produksjonstilskot. Forslag om å også inkludere forsøpling i kontrollane. Spele inn dette til Fylkesmannen.

Gaular har gjennomført spørjeundersøking til landbruk i 2014-15 (vedlagt). Nær 100 % svarte. Gjøsellager, tal dyr, rundballar... Kvamselva nedbørsfelt.


MILJØDIREKTORATET SØKNADSRIST 15. JANUAR OM TILSKOT.

Ingen prosjekt innmeldt frå gruppa. Derimot kan det vere aktuelt å søke Miljødirektoratet innanfor programmet Marin forsøpling. Søknadsfrist mars.

OVERVAKING/PROBLEMKARTLEGGING 2018.

Prosjektleiar var i møte med Fylkesmannen 8.12. for å planlegge overvaking med bakgrunn i resultat frå vassprøveanalysane i 2016 og 2017. Konklusjonane om vidare oppfølging av vassførekomstane er ført inn i vedlagde rekneark, og oppsummert nedanfor.

	Førde	Jølster	Naustdal	Fjaler	Askvoll	Gaular
Vassprøver	X	X	X			
Sjekk resultat anna overvaking	komm			UWC		
Botndyr og begroing	X					
Fiskeundersøking (ungfisk / gytefisk)					X	
Tilførselsberekning			X		X	
Sjekk landbruk og avløp / synfaring / tilsyn	X	X	X	X	X	X
Vurdere tiltak vegkulvertar				X		



Sunnfjord vassområde

Gaular ønskjer å fortsette med vassprøver. Ønsker avklaring om kven som har ansvar for overvaking i vassdrag ved/i naturreservat (Skilbreivatnet , Espelandsvatnet). Langelandsvatnet og Storelva er i nedbørsfeltet til Skilbreivatnet. Kommunen har takka nei til tilbod om å overta forvaltninga av naturreservata frå Fylkesmannen.

Synfaringar som prosjektleiar planla i 2017 i Flora, Naustdal og Askvoll vart ikkje gjennomført pga kapasitetsmangel. Prosjektleiar vil eventuelt kontakte kommunar om dette over nyttår. På kysten kan det vere gode forhold for synfaringar med liten vassføring vinterstid. Snødekt mark kan avdekke eventuell avrenning frå gjødsellager, rundballar m.m.

Prosjektleiar vil kalle inn til nytt møte i januar.

Staffan Hjohlman
Ref.

Vedlegg:

Spørjeskjema avlaup Gaular
Spørjeskjema landbruk Gaular
Registrering av mindre avløpsanlegg i Flora kommune